

Referat frå møte i regionalt brukarutval i Helse Vest, Bergen Comfort Hotel Holberg, 27.08.14

Til stades	Else Berit Ingvaldsen (møteleiar) Solfrid Lillebø Grete Knudsen Dagfinn Vik Claus Ingebrigtsen Svein Nord Kristiansen Kari Toftøy-Andersen (vara) Victoria Skretting (vara)
Forfall	Njål Idsø Steinar Andersen Pål Berger Harald Lindvik
Referent	Kristin Osland Lexow, sekretær RBU

Velkomst og innleiing

Else Berit Ingvaldsen ynskte velkommen. Kristin O. Lexow delte ut personopplynings skjema frå personalkontoret ved Helse Vest, samt sjekklister for pasientar frå Pasienttryggleiksprosjektet.

Presentasjon av Helse Vests nye nettsider

Kåre Peder Nystad, PWC, informerte om dei nye nettsidene til Helse Vest. Dei er no tilpassa mobile einingar, som mobiltelefonar og nettbrett, sidan slikt utstyr no brukast meir enn stasjonær PC. Grensesnittet er tilpassa krav om universell utforming. Nystad avslutta presentasjonen med eit ønske om tilbakemeldingar frå RBU på informasjon som sagnast, eller kan gjerast meir brukarvennleg. Følgjande blei nemnt:

- knappen «min helse» skulle ha vore meir synleg
- informasjon om «Pasienthjelpen» må komme fram på startside
- sagnast ein lettare tilgjengeleg oversikt over alle rehabiliteringsinstitusjonar i helseregion vest

Høringsuttalelse frå Helse Vest om fritt behandlingsvalg (FBV) v/Hilde Rudlang, fagavd. Helse Vest

Hilde Rudlang orienterte om HVs svar på høringsnotatet frå Helse- og omsorgsdepartementet om fritt behandlingsvalg (høringsfrist 16.09.2014). Rudlang beklaga at ikkje brukarutvalet hadde fått høringsnotatet frå Helse Vest.

3 hovudmål for FBV:

1. Redusere ventetider
2. Auka valfridom for pasientane
3. Stimulere dei offentlege sjukehusa til å bli meir effektive

HVs svar fell i stor grad saman med utkastet til høringssvar frå det regionale brukarutvalet frå Helse Sør-Øst, som er eit felles svar på vegne av alle dei regionale brukarutvala, og hovudinnvendingane er:

- FBU eignar seg ikkje for pasientar med uavklåra tilstandar, som til dømes eldre med fleire kroniske tilstandar eller for pasientar som har langvarige behov gjennom heile livet
- Fare for at dei «enkle» pasientane vert prioriterte framfor dei med samansette tilstandar
- Fare for tap av kompetansepersonell over til dei private tenestetilbydarane
- Fare for geografisk skeivhet då private aktørar i stor grad etablerer seg på austlandet
- Praktiske løysningar, som til dømes IKT, må vere på plass før FBV byrjar
- Rett til individuell plan og koordinerte tenester må gjelde også ved innføring av FBV

I fellessvaret frå dei regionale brukarutvala er det og kommentert at FBV representerer ein ny rett, som saman med rett til fritt sjukehusval bidreg til å gjere det vanskelegare for både pasientar og helsepersonell å få god nok kjennskap til ordningane. Det er og kommentert at det er uklårt kven som bære det økonomiske ansvaret ved FBV.

I møtet vart det også kommentert at FBV favoriserer dei ressurssterke pasientane, og at det er ein fare for auka fristbrot. Kapasiteten til Pasienthjelpen må difor aukast.

Revidering av regional plan for rehabilitering og habilitering i Helse Vest v/Hilde Rudlang

Orientering ved Hilde Rudlang om arbeidet med planrevidering, som tek til hausten 2014. Her vil ein mellom anna sjå på utviklingstrekk og overordna føringar i samanheng med samarbeidsavtalane. Ein vil og sjå på praksis for rettighetsvurderingar, og vurdere korleis tilvisingar frå rehabiliteringsinstitusjonar kan knytast opp mot Vurderingseininga. Vidare vil man spesialisere tilbodet i private rehabiliteringsinstitusjonar for å oppnå ein betre geografisk tilgjengelegheit av rehabiliterings- og habiliteringstenester.

I dette prosjektet ønskjer ein 1-3 deltakarar frå RBU i prosjektgruppa, og 1 RBU-representant i styringsgruppa. Claus Ingebrigtsen, Else Berit Ingvaldsen og Kari Toftøy-Andersen går inn i prosjektgruppa, og Svein Nord Kristiansen går inn i styringsgruppa.

Sak 34/14 Godkjenning og av innkalling og referat frå førre møte

Innkallinga blei godkjent, men brukarutvalet ynskjer å få tilsendt innkalling og vedlegg på papir, og ikkje berre elektronisk. Solfrid Lillebø påpeika at ho deltok på førre møte, men at ho ikkje er tatt med i referatet over dei som var til stades.

Sak35/14 Gjennomgang av styresaker

Else Berit fekk ikkje opna linken til styresakene frå sin Ipad og får heller ikkje tilgang til styresakene via heimesidene til Helse Vest, noko som gjeld fleire av brukarrepresentantane. Dette er meldt til Helse Vest IKT. Sakslista vart difor henta opp via pc på møtet slik at alle kunne sjå ho, og Else Berit kommenterte at det ikkje er nokon store nye saker som skal tas opp, med unntak av høringsuttalelsen om FBV, som Hilde Rudlang gjorde greie for.

Sak 36/14 Brev og invitasjonar

1. Invitasjon til Helse Vests forskningskonferanse 30-31 okt. i Bergen
 - Else Berit Ingvaldsen deltek i dette frå RBU. Claus Ingebrigtsen ynskjer og å delta om det er plass
2. Invitasjon frå Magne Høgelid på vegne av leiar i brukarutval Helse Bergen om deltaking i eit regionalt prosjekt om fødetryggleik for fødekvinne i regionen
 - Grete Knudsen deltek i dette frå RBU
3. Invitasjon til Fagdager – læring og mestring Helse Vest 22-23 okt. 2014. Rica Forum Stavanger
 - Solfrid Lillebø, Else Berit Ingvaldsen deltek på dette frå RBU
4. Invitasjon til høringsmøte om oppfølging av alvorlige hendelser i helse- og omsorgstjenestene (Syse-utvalget) 6 okt. 2014. Regjeringskvartalet, Oslo
 - Njål Idsø er påmeldt frå RBU
5. Claus Ingebrigtsen orienterte om at han hadde fått invitasjon til eit kurstilbod for dei som har interesse for psykisk helsearbeid.
 - Invitasjonen sendt vidare til RBU, og interesserte kan melde frå til sekretær i RBU

Sak 37/14 Deltaking i arbeidsgrupper og oppdatering av oversikt

Solfrid Lillebø orienterte kort om status i Forskningsnettverk om psykisk helse. Ho gjer merksam på at det ikkje har skjedd noko i referansegruppa for «Planlegging av norsk senter for partikkelterapi» og ber sekretær i RBU undersøke kva status er for denne gruppa. Grete Knudsen orienterte frå møter i styringsgruppa for protonbehandling.

Dagfinn Vik orienterte om prosjektet mekanisk ventilering

Claus Ingebrigtsen orienterte om KULE-prosjektet, som nylig har feira slutten på fyrste arbeidsrunde. Her blei mellom andre Claus heidra på ein flott måte for sin innsats og nyttige tilbakemeldingar. KULE-prosjektet skal gå heilt til 2019

Else Berit Ingvaldsen orienterte frå fleire møter i prosjektet vedr. barnehabilitering, der det skal undersøkast om tenesta er tilstrekkeleg i regionen. Prosjektet blir leia av Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i region vest. Det kan sjå ut til at barn i byar får eit betre tilbod samanlikna med dei som bur i meir grisgrendte strøk. Else Berit har også vore med på Lync-møter i styringsgruppa for Nye Nettsider i Helse Vest, og i styringsgruppa for Pasienttryggleik. Sidan sist RBU-møte har Else Berit blitt med i styringsgruppa for anskaffing av sporingssystem biobank.

Sak 38/14 Informasjon om oppnemning av nye representantar til RBU 2015-2017

Orientering ved Kristin O. Lexow. Det vart sendt ut eit brev frå Helse Vest i sommar til organisasjonane der det vert invitert til å oppnemne brukarrepresentantar med vara, med svarfrist 1. okt. 2014. Helse Vest vil arrangere eit felles brukaropplæringsseminar i januar 2015 for dei nye utvala i Helse Vest.

Sak 39/14 Oppsummering om bruk av erfaringskonsulentar i HFa

Kristin O. Lexow presenterte ein oversikt over historikken til og bruken av erfaringskonsulentar i Helse Vest som eit svar på ein spurnad frå Solfrid Lillebø.

Ein erfaringskonsulent representerer eit erfaringsperspektiv, til dømes ein tidlegere brukar/pasient, med eit tilsettingsforhold i føretaket, oftast innan psykisk helse og/eller rus. Dei fungerer som rådgivarar både for pasientar og behandlararar, samtalepartnarar for brukarar og kan og vere koordinatorar i behandlingsgang. Talet på erfaringskonsulentar med eit tilsettingsforhold i HFa i regionen varierer ein del, og Helse Stavanger ligg her klårt på topp.

Sak 39/14 Eventuelt

Det vart informert om at neste møte sannsynlegvis skal vere på Stavanger Universitetssjukehus då RBU er invitert av Helse Stavanger til fellesmøte med brukarutvalet i Helse Stavanger og SUS, samt omvising på det nye Varde-senteret.

Else Berit Informerte om at det ikkje er komme svar på Helse Vest sitt brev til Helse- og omsorgsdepartementet vedr. brukarutvalets rolle i styret, tross at det i eit møte med statssekretær Erlandsen den 16 juni 2014 vart sagt at eit svar skulle vere klårt før sommarferien. Det blir no følgt opp vidare på det interregionale brukarutvalsmøtet, som skal vere i Stavanger 16-17 september.